

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

# Verksemdsplan/årsplan/handlingsplan 2017-2018 for Brakanes skule

Vedteken i SU 13.juni 2017

---

## 1.0: VISJON:

**Kunnskap, glød og glede!**

## 2.0- INNLEIING/GRUNNLAGET FOR ARBEID I SKULEN:

Skule og heim har fokus på korleis ein til ei kvar tid kan gjera opplæringa best mogleg. Skulen legg vinn på å halda seg fagleg og pedagogisk oppdatert.

Brakanes skule skal bidra til ein oppvekst prega av læring, trivsel, inkludering og positivt mangfald. Fellesskap, heilskapstenking og samhald innad i skulen – saman med positivt og konstruktivt samarbeid mellom skule og heim – er viktig.

Skule og heim er opne for kvarandre sine konstruktive innspel. FAU er viktig for utviklinga av skulen sitt samla læringsmiljø. Kontaktlærar og klassekontakt samarbeider om klassemiljøet. Kontaktlærar nyttar elevsamtalar og utviklingssamtalar for å engasjera og ansvarleggjera elevar og føresette.

Vaksne og born viser ansvar ved å snakka positivt om kvarandre, snakka med og om kvarandre med respekt, sjå og kommentera det positive som skjer i skule og oppvekstmiljø.

Skulen fylgjer tett opp Opplæringslova sin §9-a om elevane sine rettar.

Me jobbar hardt og systematisk for å motverka og stoppa mobbing i alle samanhengar. Me vågar å varsla om feil og å arbeida for å retta opp det som er feil. Det er dei vaksne sitt ansvar at born har det godt.

Det er viktig å nytta ulike læringsarenaer, og å skapa aktiv og praktisk læring der det er mogeleg. Ungdomstrinnet er i Utvikling, målet er meir variert, meir praktisk, relevant og motiverande opplæring. Også heimearbeid kan gjerne ha praktiske innslag.

Personalet skal nytta it's learning, e-post og sms i sin kommunikasjon med foreldre. Ranselpost skal no i prinsippet bli borte, fordi det er føresette og lærarar som har ansvaret for kommunikasjonen mellom skule og heim. Me nyttar heradet si heimeside for kommunikasjon med bygda elles.

Alle som tek kontakt med skulen skal møtast positivt og oppleva å bli tekne på alvor – sjølv om me ikkje alltid kan gje alle det dei ynskjer.

## 3.0- SATSINGSOMRÅDE

Skulen har tidlegare hatt som satsingsområde; rekning i alle fag, klasseleiing, positivt læringsmiljø, ulike læringsstrategiar, god elevvurdering, tilpassa opplæring, IKT og leseopplæring. Me veit desse faktorane alltid er grunnleggjande for elevane si læring. Dette arbeidet held sjølvstøtt fram.

### 3.1- EIN INKLUDERANDE SKULE: Grunnleggjande sosiale ferdigheiter må visast i praksis – ver raus og del vennskap!

Me vil arbeida med å gjera elevane tryggare og dyktigare i sosiale ferdigheiter som trengst i eit inkluderande skulemiljø. Alle-for-ein, ein-for-alle-tenking må omsetjast i handling. Å øva på å bli rausare i handling og haldning og mindre oppteken av hierarki og makt i gruppa eller klassen er viktig. Å bidra til å utvida dei sosiale nettverka krev samarbeid på tvers av klassane i tillegg til det ein gjer i klassen. Og det er viktig at føresette vektlegg det same. Fysisk aktivitet, krydra med sosiale, spanande, varierte, kreative, motiverande og utfordrande oppgåver kan bidra til dette. Både elevråd, FAU og tilsette må jobba aktivt med dette over tid. Hallen kan bli eit fantastisk middel i dette arbeidet. Me må laga ein god sosial læreplan hausten 2016, basert m.a. på arbeidet med Zippys venner, Det er mitt val og Alle har ei psykisk helse.

### 3.2- KLASSELEIING OG LÆRINGSMILJØ

Å arbeida vidare med læringsmiljøet er vidareført fordi me veit det er viktig å ha eit langsiktig fokus på dette. Å byggja eit klasse/skulemiljø tek lang tid og krev tett og konstruktivt samarbeid skule-heim.

Det aller viktigaste er å sikra at elevar vert sett på ein positiv måte, at dei lærer sosiale ferdigheiter, jfr pkt 3.1. Dei skal læra korleis dei får venner, og korleis dei skal vera ein venn. Dette minskar risikoen for mobbing. Elevane skal merka at dei har lærarar og foreldre som har positive forventningar til dei.

Gode avtalar, reglar og rutinar i kvardagen er viktig. Det er naudsynt med varme, fleksibilitet og forstand på korleis born utviklar seg.

### 3.3- SYSTEMATISK SKRIVEUTVIKLING.

Å kunne uttrykkja seg skriftleg er ein viktig grunnleggjande dugleik, og kjem ofte etter at ein har lært å uttrykkja seg munnleg. Skrivning er og ein reiskap for å utvikla tanken. Å utvikla elevane sin dugleik i å laga gode tekstar i alle fag er viktig. Mange gonger er det samansette tekstar som er viktige, andre gonger enkle beskjedar. Å kunne skriva godt i alle fag betyr at alle faglærarar må vektleggja den skriftlege kvaliteten, samstundes som ein held fast på at innhald er viktig. For elevane er det viktig at skrivning er ein positiv aktivitet, der dei lærer å kjenna att kvalitet og utvikla ein tekst, anten det skjer på maskin eller med blyant/penn.